

SKJERVET/ SKJERVSFOSSEN

Høgdemeter over havet:227

Lengde:1 km (heile runden ca. 3 km)????

Tid: 10-15 minuttar frå parkering ein veg

Gradering: Lett tur

Vegskildring: Kjør riksveg 13 mot Voss, til du svingar av ved Seim mot den gamle vegen opp Skjervet. Kjør til du ser fossen, og parker på parkeringsplassen på høgre side. Gå mot fossen til du ser sherpatrappene. Då er det berre til å ta fatt på turen opp dei bratte trappene. Det er fleire naturlege kvileplasser på vegen, men om ein vil kan ein gå så fort ein greier for å få pulsen opp, og ta turen som ei fin trimløype. Det er fint å gå innom alle stiane og sjå på dei flotte informasjonstavlene undervegs. På toppen vel du om du vil gå ned att samme veg, eller som mange gjer gå runden om sjølve bilvegen. Då vert turen noko lenger og ein kan nyta utsikta over ein lengre tidsperiode. Dette er ein flott tur i all slags vær!

Naturvandringa er eit nettverk av stiar, trapper, utsikstpunkt og kvileplassar omkring Skjervsfossen. Fossen fell 135 meter i to terrassar, delt av gamle riksveg 13. Naturvandringa omfattar den øvre delen av fossen. Opplevinga av fossen varierer, både ut frå kotehøgde, vassmengd og årstid. Når du vandrar gjennom området får du oppleve mangfaldet samt interessant lokal historie.

*På øvre nivå ved rasteplassen **Kanten**, går du langs elva og opplever utsikten utover dallandskapet. På **Hylla** stryk elva over kanten og på **Nedre hylla** opplever du fossen midvegs i fossesfallet. Den bratte **Trappa**, som er bygd for hand av sherpaer frå Nepal, ligg godt i det bratte terrenget. Det mest spektakulære er foten av fossen, **Dusjen**, eit vakkert landskapsrom der du merkar dei enorme kreftene buldre i kroppen. Her kan du etter sterk nedbør oppleve å bli gjennomdusja!*

*Det er tre typar stiar i området; Lette gangvegar med godt dekke som er tilgjengelege for alle, varierte stiar og trapper, og ei svært bratt og lang trap.p **Trappa** er utfordrande å gå i du bør ikkje ta fatt på denne om du er i dårleg form! Skjervsfossen er eit naturområde du ferdast på eige ansvar. Følg dei tilrettelagde stiane, då det kan vere farleg å gå utanfor desse.*

Nasjonale turistvegar.no Statens vegvesen

Turtips 1: Gå opp sherpatrappene, og gå asfaltvegen ned eller motsatt veg, for å få ein lengre tur.

GOD TUR!

Turskildringar ligg på heimesida til Granvin turlag: www.granvin-turlag.no